



Jan Gunnar Arnestad Ingebrigtsen  
Moldekleivmarka 4  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/876 - 16/6551

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

01.04.2016

## Godkjenning tiltak utan ansvarsrett - oppføring av garasje i Moldekleivmarka, gbnr 27/216.

**Administrativt vedtak. Saknr: 89/2016**

**Tiltakshavar:** Jan Gunnar Arnestad Ingebrigtsen

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4.

### **Saksutgreiing:**

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad om oppføring av frittstående garasje på gbnr 27/216 i Moldekleivmarka. Av opplysningane i søknaden går det fram at garasjen har ein storleik på BYA 42,2 m<sup>2</sup> og BRA på 39,6 m<sup>2</sup>. Det vert elles vist til søknad journalført 22.03.2016.

### **Vurdering:**

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det har ikkje kome merknader til varselet.

#### Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen er regulert til bustad i reguleringsplan for Moldekleiv (planid 125619780001). Omsøkt tiltak er i samsvar med planføre målet. Tiltaket held seg innafor planføresegne sitt krav om maksimal tomteutnytting på 30 % BYA. Samla BYA etter oppføring av garasjen vert 23,2 %.

#### Plassering og avstand til nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonskart stempla godkjend 01.04.2016. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte.

Tiltaket er i samsvar med pbl § 29-4.

#### Planløyving, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagde teikningar stempla godkjend 01.04.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §20-4 løyve til oppføring av garasje på gbnr 27/216, jf søknad journalført 22.03.2016.

Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og fasade-, snitt og planteikningar stempla godkjent 01.04.2016.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Gebyr:**

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

27-216 kart teikning

**Mottakere:**

Jan Gunnar Arnestad Ingebrigtsen      Moldekleivmarka      5918  
4

FREKHAUG